

Hestekokasting – sporten for alle

Det vert sagt at hestekokastinga kom frå Amerika. Når ”sporten” nådde Velledalen er meir usikkert, men truleg lenge før den på 60- og 70-talet vart fast sundagstidtrøyte på Hole. På slutten av 70-talet kom fyrste konkurransen i idrettslagsregi, medan 80-talet vart reine gullalderen med utøvarar som underkasta seg enorme treningsdosar. I 1986 vart Norges Hestekokastarforbund stifta. Stemna vart etter kvart meir og meir eliteprega med den fylgje at talet på utøvarar sokk. På 90-talet fekk VIL sin einaste offisielle NM-vinnar i Kjell Arild Heggdal (1993). Etter tusenårsskiftet tapte hestekokastinga stadig terreng. I Velledalen finn ein i skrivande stund (mars 2007) ikkje lenger seriøstsatsande kastarar.

Sundagstidtrøyte. Det var i Knutgarden på Hole dei samla seg. Mest kvar sundag etter siste snøen smelta og utetter sommaren vart det kasta hesteko her - vel å merke når vêret var lagleg. På tunet i Knutgarden var det nokolunde flatt, dessutan stod mjølkebukken der – ein høveleg ”tribuneplass” for dei som ikkje deltok. Knut-Ole (Ole L. Hole) hadde alt turvande utsyr lagra på stabburet, og saman med Hau-Oddmund (Oddmund Skylstad), Jørn-Arne (Arne Hole), Brua-Karl (Karl B. Lade) og Reite-John (John Holmberg), var han mellom dei vissaste i denne sundagskastinga. Mangla det kastarar for å få laga til å gå opp, fekk dei eldste borna prøve seg. Men sjansen til å sette seg inn i denne fasinerande aktiviteten for alvor, fekk ungane då vaksnekarane vart ropte heim til middag ved tolvtida. Då var det fritt fram, og reglane kunne dei etter mange timar på tilskodarplass. Heilt enkelt var det ikkje. Hestekorne hadde ulik tyngde og vekt. Enkelte så tynnslitne dei mest kunne knekke, andre lite brukte og mest dobbelt så tunge. Landinga var kanskje det verste for ein nybyrjar. Landa skoen på kant, hadde den ein tendens til å trille bort frå stikka (mineboren) – ofte svært langt.

30 i fyrste stemnet. Hausten 1977 tok Atle Hole over som leiar i V.I.L. etter Hallstein Ånes. Ettersom ”Ola-hynen” var ein av dei som voks opp med hestekokastinga i Knutgarden som eit kjærte barndomsminne, ville han gjerne prøve ut hestekokasting som konkurranseidrett. Datoen for ”jomfrustemnet” var 4. juni 1978. Velledalsmeisterskap (VM) i hestekokasting med 30 deltakarar i fem ulike klassar. Desse vart historiske som klassevinnarar:

Gutar under 16 år: 1. Jan Kåre Brunstad

Menn 16-40 år: 1. Kai Roger Skylstad

Menn over 40 år: 1. Ole L. Hole

Jenter under 16 år: 1. Karete Hjorthol

Kvinner 16-40 år: 1. Heidi Petra Brunstad

Alle deltakarane vart premierte. På vinnarane vanka det både gullmedalje og pokal. I laget si utklippbok kan vi lese at: «samtlege sigrar denne gongen gjekk til frammabrautingane, noko nedabrautingane må prøve rette på til neste stemne».

Kasting i kvart tun. I 1979 vann hesteskokastinga nytt land. Det opne Velledalsmeisterskapet samla 48 deltakarar i regnvêr på grusbana i Velledalen. Svein Indrebø vann den hardaste klassa, med dress og regnjakke som antrekk! Dette var 13. mai.

10. juni var deltakartalet auka til 64, då det vart arrangert bygdameisterskap i parkasting. I samband med dette stemnet, kunne ein lese fylgjande i klubborganet "Sportsbladet Trimmian":

"Det er vel sjeldan at det blir lagt ned eit så stort treningsarbeid føre ein konkurranse som i dette tilfellet. Her er det ikkje snakk om berre EI treningsøkt pr. dag. Nei, både fire og fem var ikkje uvanleg. Og då var ikkje øktene akkurat korte, så ein vil forstå at det var ikkje så mykje fritid på fleire av deltakarane føre denne konkurransen".

Oddmund og Ove Skylstad (far og son) slo Ringen-spelarane (handball) Robert Kvam og Per Kjartan Lade i herrefinalen, medan Reidun og Benedikte Holmberg (mor og dotter) nedkjempa Laila Ødegård/Heidi Brunstad i kvinnefinalen. Dermed var fyrste stemnet i parkasting, etter reint cupsystem (vinnaren går vidare, taparen er utslegen) vel i hamn. Og merk: stemnet gjekk på Dalemyra grasbane.

Øye-cupen. Men det var ikkje berre i Velledalen det vart arrangert stemne. Leif og Oddveig Dahl, som dreiv Hotell Union på Øye i Norangsdalen, hadde gode omgangsvener i Velledalen. Og slik fekk vi i stand eit glitrande samarbeid som varte så lenge dei var drivarar av hotellet. Den fyrste Øye-cupen vart arrangert i 1979, på skuleplassen. Enkelte år gjekk stemnet over to dagar med parkasting eine dagen og "mixed- double" den andre. Idrettslaget hadde inntektene av hesteskokastinga og dansen i hotellet laurdagskvelden. Hotellet gjorde gode pengar på fullt belegg og matservering. Stemnehelga vart marknadsført av begge partar. Inntrykket var at "halve Velledalen" tok turen til Øye desse helgane. Dei som ikkje fekk plass på hotellet, overnatta i telt eller campingvogner.

Eitt år gjorde vi eit "stunt" på marknadsføring eit par veker før sjølve stemnet. Det var ein fredagskveld og vi hadde handla inn diverse effektar. Mellom anna t-skjorter, sommarhattar og bilstreamers. Leif Dahl gav oss eit rom vi kunne disponere like over bakkenivå. Og der dreiv vi handel ut gjennom eit ope vindauge. "Steik før et marked her e", sa ein strålende nøgd Bjørn Asle Lade i hesteskokastargruppa då pengane strøymde raskare inn vindauget enn han rakk sende hattar ut.

Reint bord i NM. Dette var berre starten. I 1980 vart det arrangert uoffisielt NM på Dalemyra stadion både i single og double. Heimekastarane var ikkje akkurat smålåtne. Dei gjorde reint bord i alle klasser. Inger Marie Lie og Jon Hole-Drabløs vann i single. I double gjekk dei gjævaste premiane til Inger Marie Lie/Oddny Brunstad og Per Hole-Drabløs/Kåre Hole-Drabløs. Fjordingane grein på nasa fordi stemnet gjekk på gras og fordi alle måtte nytte like sko (utan grev). Dette ville dei ha ein slutt på, og det gjekk ikkje lenge før fjordingane vann utstyrskampen.

Også i 1981 dominerte VIL sine utøvarar i NM (framleis uoffisielle). Double-NM gjekk i Breim der Inger Marie Lie/Oddny Brunstad forsvarte tittelen frå året før, men i herreklassa var velledalingane sjanselause. Single-NM gjekk for andre år på rad i Velledalen, og nok ein gong sette Inger Marie Lie og Jon Hole-Drabløs alle konkurrentar på plass.

Bruaseth-film. Den nye "sporten" fekk enorm mediedekning. Til og med bladet Aktuell rapport var på plass i Velledalen og laga ein tre siders reportasje med eit utal flotte fargebilete. Dermed hamna trauste karar som Arnold Weiberg-Aurdal, Ole Fausa, Bård Erstad og Jan Ove Skogvold (for å nemne nokre) i same blad som for oss langt mindre kjende damer. Svært tynnkledde damer, skulle det vise seg. Kanskje var det ikkje så rart at hesteskokastinga etter

dette vart omtala som ”syndens sport” mellom enkelte i bedehusmiljøet. Men det var til å leve med. Spesielt når heidersmannen Oddgeir Bruaseth ikkje lenge etter fann det bryet verdt å lage film frå miljøet. Opptaka gjorde han i Velledalen og på Stranda, og det var stille i dalen då filmen kom på fjernsyn i beste sendetid i 1982.

Gullåra. I 1982 arrangerte VIL Velledalscupen i hesteskokasting med 212 deltakarar! Dette var eit stemne i parkasting (double) som samla dei beste utøvarane i landet – eit stemne med oppsette vandrepokalar i dame-og herreklassa. Helga og Ragnhild Brunstad vann dameklassa både i 82 og 83.

Sjølv om stemna etter kvart vart spreidde utover landet, var Velledalen IL tvillaust i fremste linje. I 1983 vart laget det fyrste som arrangerte uoffiselt NM i mixed-double med 168 deltakarar. Eit fantastisk tal med tanke på at her måtte ein ha like mange damer som herrar for å danne eit par. Kirsti Årdal/Johnny Årdal, Skjold HK (Jølster) vann. Same året samla Velledalscupen 216 deltakarar – ny rekord. 1982 og 1983 var gullåra i lokal hesteskokasting. Alt i 1984 er det eit visst mismot å spore. Sitat frå årsmeldinga: ”Sportsleg sett kan ein vel seie det har stagnert, både i kvantitet og kvalitet av hesteskokastarane i bygda, i forhold til fjordingane og strandarane” (skrivar Kai Skylstad). Og frå årsmeldinga 1985: ”Hesteskokastarsporten har diverre ikkje vunne nytt terreng i Sykkylven siste året – snarare tvert i mot”.

Eige forbund. Alt tidleg på 80-talet vart det danna eit Landsstyre for hesteskokastarane, som hadde som mål å samordne aktiviteten. Mellom anna terminlistene. Ragnhild Brunstad kom tidleg med i dette arbeidet. I 1985 sat ho som nestleiar i hesteskokastarane sitt Landsstyre. I 1986 vart Norges Hesteskokastarforbund skipa. Frå og med dette året vart alle NM rekna som offisielle. Dei to fyrste åra sat Ragnhild Brunstad i Forbundsstyret. Velledalen IL fekk æra av å arrangere det fyrste offisielle NM i parkasting (double) i 1986. Øyvind Gjerde/Haftor Tryggestad, Skura HK (Stranda) vann herreklassa, medan Unni Håheim/Rita B. Kårstad, Breim HK, var skarpast mellom kvinnene. Arrangementet gav ein netto på nær 50 000 kroner står det å lese i VIL-historia. Same året (86) vann Kjell Arild Heggdal Norgescupen samanlagt, rett nok delt med Torgeir Årdal frå Skjold HK.

Lenger mellom prestasjonane. Etter kvart vart det lenger mellom storstemna i Velledalen. Siste NM-arrangementet var i 1990 (ti år etter det fyrste) i single, med innlagt Norgescup. Oddvar Turøy, Holmedal IL vann herreklassa, Torbjørg Årdal, Skjold HK, dameklassa. Det desidert siste storstemnet i VIL-regi vart arrangert 5. og 6. juni 1993, eit Norgescupstemne. Ein knapp månad seinare vart Kjell Arild Heggdal NM-vinnar i single i Hobøl. Slik sett må ein seie at avslutninga på 15 særdeles aktive år med hesteskokasting var verdig.

Hesteskokastinga i VIL bråslutta ikkje i 1993. Men dei aktive vart færre, og i toppen; der var det knalltøft å hevde seg. Ragnhild Brunstad gjorde eit drivande flott comeback med to fyrsteplassar, og andreplass samanlagt, i Norgescupen i 1998.

Entusiastane borte. Sjølv om hesteskokastinga spreidde seg utover større deler av landet, minka talet på deltakarar. Stemne med over 200 deltakarar, slik det var i Velledalen i starten på 80-talet, vart det fort slutt på. Dei gode kastarane vart rett og slett så gode at dei middelmådige og svake ikkje kjende seg komfortable i same stemne. For Velledalen sin del

spela eit anna moment inn. Då ”farsotten” kom, var det godt modne menn som vart dei ivrigaste. Desse karane vart etter kvart henta inn av livets realitetar. Helse svikta, eller dei fall frå.

I idrettslaget si historiebok var dei viktige personar, desse karane. Truleg visste dei det ikkje sjølve. I alle fall ikkje då det stod på som verst. Men sikkert er det at dei skapte historie både for dalen og laget sitt. Vi som lever att skjønner det lett når vi ser Bruaseth sin film. Og difor bøyer vi oss i takksemnd og minnest karar som Kåre Hole-Drabløs, Jon Hole-Drabløs, Egil Skåre, Karl P. Hole, Åsmund Berge, Kjell C. Brunstad, Ole L. Hole og Gustav Dalseth. Og takk til Ragnhild Brunstad, «høna» som administrerte og heldt orden i «haneflokken».

Atle Hole

P.S. I 2005 vart Kåre Stuen frå Ramstaddalen Noregsmeister i hesteskasting, single. Korkje Sykkylvsbladet eller Sunnmørsposten ofra spalteplass på hendinga. Jammen har tidene endra seg !